

KORiNT-Cup

*2. november 2024
i Namsos*



Kirkegata 16B, 7600

Levanger

mildred.marita@korforbundet.no

Tlf: 957 88 868

KORiNT-Cup er ein konkurranse for kor som held til Nord i Trøndelag.

I år er korkonkurransen 2. november på Olav Duun VGS i Namsos!

Kvart kor får 12 minutt til disposisjon der dei skal synge minimum 2 korstykke. Eitt stykke skal syngast à cappella, det vil seie utan tonefølge frå anna instrument. Konkurransen er akustisk, ingen mikrofonar blir å sjå. Piano/flygel fins i lokalet.

Kora skal bruke originalnotar i konkurransen, *ikkje* kopiar. Tre eksemplar av kvart stykke skal sendast på e-post til [korkontoret](#) seinast 5. oktober 2024.

Kora framfører stykka sine fortløpande, som i ein vanleg konsertsituasjon.

- Konkurransen er open for publikum.

Det blir sett opp ein tidsplan slik at alle kor får prøvesynge og -stå på scenen.

- *Møter ikkje koret opp til oppsett tid, mistar dei denne mulegheita –*

Konkurransen er open for andre kor, om det er tid og rom for det i programmet.

Medlemskor frå NK Trøndelag Nord har fortrinnsrett.

VURDERING

Tre dommarar vurderer kora etter «*Instruks for juryen i dommer/ vurderingsarbeidet*», fastsett av styret i NK Trøndelag Nord.

Alle kor får poengsum og skriftleg fagkommentar etter konkurransen.

Jurymedlemmane vil bli publiserte snart!



Kora vil bli vurderte etter:

- a) Sangtekniske ferdigheter (klang, intonasjon, rytme, presisjon mm.)
- b) Kunstnerisk uttrykk og formidling .

PREMIERING

Vinnaren av KORiNT-Cup får ein pengepremie på kr. 10 000,- og vandrepokalen!
I tillegg blir det delt ut:

- Publikumspris (Gavekort)
- Dirigentpris (Gavekort)

DELTAKARAVGIFT

- Kr. 1 500,- pr kor + kr. 75,- pr songar.
- Ikkje medlem i Norges Korforbund kr. 2 000,- pr kor + kr. 100,- pr songar.

Send påmelding til: mildred.marita@korforbundet.no – Fristen er 30. september!
Deltakaravgifta skal betalast inn ved påmelding
til Norges Korforbund Trøndelag Nord: 4448 10 04486.

Kuvertpris for festmiddagen kjem i tillegg. Eigen invitasjon frå Spillum Damekor og Namsos Sangforening med påmelding til festmiddagen ligg ved e-posten.

KORiNT-cupen er eit samlingspunkt for å møte korvenner, få høyre mykje fin og variert korsong, syngje sjølv og få ei fagleg vurdering. Dagen blir avslutta med middag og fest, der ein kan treffe nye og gamle korvenner på dansegolvet, ved bordet eller kanskje i baren..?

Velkomen!

Arrangør: Norges Korforbund Trøndelag Nord.

Lokale tekniske arrangørar er Spillum Damekor og Namsos Sangforening.

